



Bergen, 21.03.2026

Trafikklyssystemet for fiskeoppdrett har spelt fallitt

Oppdrettsvolumet må ned og avstanden mellom anlegga opp

Havforskningsinstituttet (HI) sin rykande ferske risikorapport for fiskeoppdrett slår fast at på landsbasis har produksjonen av oppdrettslaks «auka kraftig». Samstundes skapar det «stabilt høge nivået av lakselus problem for villaks og sjøaure». Villaksen på Vestlandet (produksjonsområde 3 og 4) er «spesielt utsett», men situasjonen for sjøaure er «endå meir alvorleg», seier rapporten.

«Høg vasstemperatur, meir fisk i sjøen og hyppigare avlusing har forverra situasjonen dei siste åra», seier forskningssjef Mari Myksvioll i eit oppslag på HI sine heimesider 11.02.26. Trass i raudt trafikklys og statleg pålegg om å redusera produksjonen med 6 % frå Karmøy til Stad slår risikorapporten fast at det har vore ein kraftig produksjonsauke i området sidan 2018 då trafikklyssystemet vart innført, så mykje som 30 % frå Nordhordland til Stad (PO4). Trafikklyssystemet skulle ha forhindra slik auke, men fungerer ikkje som forventa og har ingen positiv effekt. Produksjonsauken har ført til at luseproduksjonen ikkje er redusert, men er på kritisk høgt nivå. Krisa vert forsterka av høg sjøtemperatur og at oppdrettsanlegga mange stader ligg alt fort tett.

Det har likevel ikkje vore vilje til sanering av anlegg slik at spreing av lus og sjukdom vert bremsa. Både gjellesjukdom, ILA og pankreassjukdom (PD) er gjengarar på kysten av Vestlandet der anlegga mange stader ligg mykje tettare en Mattilsynet si tilrådde grense på 5 km. Produksjonsområdet frå Nordhordland til Stad hadde i 2025 den høgste dødelegheita i landet med 20,1 %. Fiskevelferda er på eit botnnivå.

Når trafikklyssystemet har spelt fallitt og spreing av lus og sjukdom held fram og attpåtil aukar, må staten finna andre verkemiddel. Det mest nærliggande under dagens forvaltingsregime er å redusera oppdrettsvolumet gjennom meir tilsyn, bøter som merkast og i ytste konsekvens tap av konsesjon.

Det mest opplagte verkemiddelet er likevel gjennom sanering og å auka avstanden mellom oppdrettsanlegga å redusera maksimalt tillaten biomasse (MTB) i kvart produksjonsområde til eit berekraftig nivå.

Utan slike tiltak vil den kritiske tilstanden i sjøområda på Vestlandet eskalera og oppdrettsnæringa saga over den greina ho sit på.

Årsmøtet bed difor regjeringa greia ut meir effektive verkemiddel i arbeidet for betre fiskevelferd der redusert MTB, lukka anlegg og større avstand mellom oppdrettsanlegga vert vurdert særskild.